

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 49/2007

Møtedato: 5.9.07

Arkiv nr: F4 og F 1158

F 4 og F 1158, Murkelie - søknad om inngjerding av hytte

Ole Gilbo søker om å få gjerde inn F 4 og F 1158.

Primært ynskjer søkjaren å få gjerde inn begge hyttefesta samla, dette utgjør ca 3,6 daa. Alternativt søker han om å få gjerde inn kvar hytte for seg. Ut frå vedlagt kart er kvar inngjerding på ca 0,75 daa.

Kommunen godkjente oppretting av nytt feste på det eine huset fordi dei hadde vore brukt som to ulike einingar. Søkjaren ynskjer no å gjerde inn begge festa samla med grunngjeving om felles bruk.

Statskog har gjeve festaren tilsegn om inngjerding av 0,5 daa for kvar tomt.

Vedtak:

Fjellstyret ser ikkje det ligg føre særlege grunnar som tilseier inngjerding ut over 0,5 daa og tilrår at inngjerding blir avgrensa til 0,5 daa for kvar tomt.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 11.9.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Ole Gilbo
Statskog
Vestre Slidre kommune